



Arkivnr: 2015/9538-2
Saksbehandlar: Solbjørg Sveum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.11.2015

Val av jury til Årets Hordalending i perioden 2015-2019

Prisen Årets Hordalending vart etablert av fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 20. november 2014. Prisen vil løfte fram dei som gjer ein ekstraordinær innsats for fylket som heilskap, og vert delt ut på fylkesordføraren sitt nyttårsmøte i januar. Regionalavdelinga administrerer ordninga. Det skal veljast ny jury til Årets Hordalending i perioden 2015-2019. Fylkesordføraren leiar juryen. To av medlemmene skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, ein frå posisjonen og ein frå opposisjonen. Dei andre medlemmene kan veljast fritt.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet oppnemner jury på 5 personar for perioden 2015-2019
2. Fylkesutvalet løyver 50.000 kroner til Årets Hordalending frå fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.11.2015

Bakgrunn for saka

Prisen Årets Hordalending vart etablert av fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune den 20. november 2014, saksnr. PS 277/2014.

Statuttar for prisen Årets hordalending

Prisen som Årets hordalending skal løfte fram ekstraordinære prestasjonar, handlingar og engasjement hos personar, lag, foreiningar eller verksemder med tilknytning til Hordaland.

Kriterium for å få prisen.

Kandidatane må ha utmerka seg lokalt, nasjonalt eller internasjonalt, og ha sett Hordaland på kartet. Dei kan representere alle område av samfunnet. Kandidatane må vere frå Hordaland eller bu i fylket. Ein person kan berre verte Årets hordalending ein gong.

Kven kan foreslå kandidatar

Medlemene fylkestinget, kommunestyre og statlege etatar i Hordaland, nærings- og arbeidslivet sine organisasjonar, registrerte interesseorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og regionråda i Hordaland kan foreslå kandidatar. Juryen kan og kome med eigne forslag på kandidatar. Forslaga må grunnjevast.

Frist

Fristen for å sende inn forslag på kandidat er 1. november kvart år.

Jury

Ein jury med fem personar plukkar ut finalistar. Fylkesutvalet i Hordaland oppnemner juryen. Fylkesordføraren leiar juryen. To av medlemene skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, ein frå posisjonen og ein frå opposisjonen. Dei andre medlemene kan veljast fritt.

Prisen

Prisen er eit diplom og ei pengegåve på 50.000 kroner.

Prisutdeling

Prisen for Årets Hordalending vert delt ut på fylkesordføraren sitt nyttårsmøte kvart år.

Finansiering

Prisen på 50.000 kroner til Årets hordalending vert finansiert av fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

Administrasjon

Regionalavdelinga administrerer ordninga Årets hordalending.